

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q80	22/440

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2023	Formannskapet	PS	27.04.2023

Finansiering av busskantstopp med fortau ved Matre skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd krone 3 million til bygging av busskantstopp med fortau ved Matre skule. Arbeidet kan starta opp snarast.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret handsama i sak 008/2023 i møte den 16.02.2023, sak om oppstart av busskantstopp med fortau ved Matre skule og prioritering av trafikksikringsmidlar for 2023. Følgjande vedtak vart då gjort samrøystes:

“Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2023:

- *Busskantstopp på Matre*

Det vert samstundes løyvd inntil krone 3. 000.000,- til prosjekt busskantstopp ved Matre skule, på vilkår at det vert tildelt fylkeskommunalt trafikksikringstilskot på krone 1.000.000,- i 2023, og at det vert klargjort restfinansiering, som vert innarbeidd i saldert budsjett 2023, før oppstart av prosjektet.»

Trafikktryggingsutvalet løyvde samrøystes i møte den 30.03.2023, krone 1 million til dette tiltaket.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at prosjektet er gryteklart, arealet for utvidinga har kommunen kjøpt, og det er

inngått gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune, med ferdigstillingsfrist 15.08.2023.

Vidare har det vore gjennomført tilbodskonkurranse, og det er avklart kven som vil få arbeidet. Det som står igjen er difor bindande finansiering. Administrasjonen rår difor til at naudsynte midlar vert løyvd no, slik at ein kan koma i gang med dette trafikksikringsprosjektet. Den utryggleiken kommunen hadde i februar knytt til trekk i rammeoverføringane på krone 47,5 million, ser ut til å vera avklart, og dette i tillegg til løyvinga frå Vestland fylkeskommune gjer då at risikoen knytt til finansieringa er vesentleg redusert.

Konklusjon

Det vert løyvd krone 3 million til bygging av busskantstopp med fortau ved Matre skule.

Midlane for den kommunale finansieringsdelen vert å ta over disposisjonsfondet, og utgjer 1,4 mill.kr.

Fylkeskommunalt tilskot med 1 mill.kr. (Trafikktryggingsutvalet løyvde samrøystes i møte den 30.03.2023, krone 1 million til dette tiltaket).

Avtale med Vestland fylkeskommune kring justeringsrett mva., slik at ein får att mva., som utgjer 0,6 mill.kr.

Formannskapet - 032/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Det vert løyvd krone 3 million til bygging av busskantstopp med fortau ved Matre skule. Arbeidet kan starta opp snarast.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.